

## Referat frå møte i Geitegruppa i SFSG den 03.12.2014

Møtet vart halde på møterommet hjå Felleskjøpet på Skei den 03.12.2014 frå kl 1100 til 1500. Jo Risløv, Vidar Sandal og Ragnvald Søgnesand møtte frå Geitegruppa. I tillegg møtte Jostein Kvåle og Ingebrigt Kyrkjeeide.

### Sak 1 – Inkludering av ammegeit i Geitegruppa sitt arbeid

Jostein Kvåle som driv med kasjmirgeit i Sogndal og Ingebrigt Kyrkjeeide som driv med boergeit i Stryn informerte om korleis dei driv med ammegeit.

Jostein Kvåle driv foredling og sal av kjøt, skinn og horn frå kasjmirgeit, i tillegg til at han leiger geitene ut til landskapspleie. Buskapen har delteke i prosjektet Friskare Geit, og utfordringa tidlegare var 5 usanerte mjølkegeitbesetningar i nærleiken av sommarbeitet. Elles er det ei utfordring at ein del ammegeitbesetningar ikkje har delteke Friskare Geit, og at dei no må ta kostnaden med prøvetaking og eventuell sanering sjølv.

Ingebrigt Kyrkjeeide tek kjøtet i retur frå slakteriet og sel det til slekt og vener. Gardsbruket har gått inn i ei samdrift med kyr, og Ingebrigt har difor fylt det gamle kufjøset opp med boergeit. Alt fulldyrka areal går inn i samdrifta, og grovfôret til geitene må difor kjøpast. Om sommaren beitar boergeitene brattlendt terreng nokre kilometer unna garden, og det er planar om å nytta geitene meir aktivt som landskapspleiarar. Det er ei utfordring for økonomien i geitehaldet at ein får dårleg betalt for kjøtet hjå slakteria, og at slakteria tek seg godt betalt for slaktinga når ein tek kjøtet i retur. Buskapen er testa og godkjende i samband med prosjektet Friskare Geit.

Til slutt informerte medlemmane i Geitegruppa litt om korleis dei driv mjølkeproduksjon på geitene sine. Kystgeitmiljøet i Selje var også invitert, men møtte ikkje.

Ut i frå at kjøtproduksjon på geit har eit anna driftsopplegg og andre utfordringar enn mjølkeproduksjon på geit, er det eit ynskje at ammegeitmiljøet i Sogn og Fjordane blir representert i Geitegruppa i Sogn og Fjordane Sau og Geit.

### Sak 2 – Smittevern

Etter at så godt som alle mjølkegeitbesetningane no er sanerte, og mange av ammegeitbesetningane er testa, er det viktig å oppretthalda den gode helsestatusen som norske geiter har opparbeidd seg med tanke på CAE, paratuberkulose og byllesjuke. I 95 % av testa buskapar utan Norsk Mjølkegeit er desse tre sjukdommane ikkje påviste, jf Friskare Geit sin årsrapport for 2013. Men det er mange små besetningar som ikkje søkjer om produksjonstilskot, og som det difor er vanskeleg å få oversikt over. Me må difor rekna med at det finst smitta geiter rundt omkring i landet. Det er størst sjanse for å finna smitte i buskapar som har henta inn geiter frå usanerte mjølkegeitbesetningar.

Ein del ammegeitbesetningar har falle utanfor prosjektet Friskare Geit, og i tilfelle dei ynskjer å testa dyra sine, må dei ta kostnaden med det sjølve. Eventuell sanering må dei også kosta sjølve. Då er det ikkje sikkert at alle ammegeitbesetningar blir kontrollerte og eventuelt sanerte. Mattilsynet har fokus på CAE og paratuberkulose, men ikkje på byllesjuka. Det skal også godt gjerast at Mattilsynet har oversikt over absolutt alle geiter i Noreg. Det er difor viktig at me som har friske geiter, oppfordrar alle som eig geit utan stadfesta smittestatus, til å testa dyra sine. Vidare er det viktig at både geitebønder og Mattilsynet følgjer opp regelverket ved livdyrhandel og flytting av dyr. Geitegruppa vil ta problemstillinga med som eit innspel til jordbruksforhandlingane i 2015, og be om at det vert løyvd midlar til å testa geitebuskarar som ikkje er testa eller sanerte tidlegare.

### **Sak 3 – Jordbruksforhandlingane 2015**

Ulike tema i forhold til komande jordbruksforhandlingar vart diskutert og fordelt på deltakarane for utforming av innspel:

- Kvoteordninga for geitemjølke: Jo Risløv og Ragnvald Søgnesand
- Beitetilskot og produksjonstilskot: Jostein Kvåle
- Definisjon av mjølkegeit i forhold til teljedato: Jo Risløv
- Smittestatus for geitebuskarar som ikkje har vore testa gjennom Friskare Geit: Jo Risløv

Jo Risløv samlar dei ulike innspela i eitt dokument og sender det ut til gjennomgang i Geitegruppa. Når det er semje om innhaldet, blir dokumentet sendt vidare til styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit, som tek det med i sitt innspel som skal på høyring i lokallaga før det vert sendt til NSG.

### **Sak 4 – Film om Geitehaldet i Sogn og Fjordane**

På 80-talet vart det gjort filmopptak som dokumenterte geitehaldet i Sogn og Fjordane, og det var meininga å redigere dette til ein film. Det vart ikkje gjort, og no har selskapet som sit på råfilmen lagt ned drifta. Breim Sau og Geit har fått førespurnad om å overta materialet, og har kontakta Sogn og Fjordane Sau og Geit med tanke på kva ein skal gjera med materialet, då det vil kosta pengar å ferdigstillast det, eventuelt supplerast med filming av endringane frå 80-talet og fram til i dag. Vidar Sandal informerte om status. Det vart bestemt at Geitegruppa skal sjå gjennom materialet med tanke på innhald og kvalitet, og vurderast om det kan brukast i ein film. I tilfelle det skal utarbeidast ein film, må det hentast inn kostnadsoverslag, og det må søkjast om midlar frå styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit til ferdigstilling av ein film om geitehaldet i Sogn og Fjordane.

Referent: Jo Risløv